

Spennande og koseleg romjulsquiz.

29.12.2016



Quiz Khalifa vann den spennande romjulsquizen på Oska

Det var god stemning og stor spenning under romjulsquizen på Oska torsdag kveld. Quizmaster Sammy treffe godt med både breidde og vanskegrad på spørsmåla sine. Dermed vart det jamnt i toppen, og laget Quiz Khalifa gjekk til topps etter å ha passert GØTS og 3vise menn, eit kvinnfolk og ein til i siste spørsmålsrunde.



Vinnar av ekstrapremien vart Bente Solheim frå Førde.

Til saman deltok knapt 50 deltakarar fordelt på 9 lag. Det er eit passande antal for ein skikkeleg koseleg quizkveld på Oska sjølv om lokalet hadde tolt nokre fleire lag. Deltakarane kom frå heile Kvinnherad, men det var også eit godt innslag av folk utanfrå som var heime i samband med juleferien. Kanskje hadde eg venta å sjå litt fleire uskedelinger der, men dei må ha brukt mykje energi på uskedalen.no sin julekonkurranse der deltakinga har vore svært god.

Spørsmål spreidde seg over mange kategoriar som aktualitetar, juleting, geografi, skribentar og komponistar, film og TV, sport, mat og drikke i tillegg til eit biletark. Underteikna likte spørsmål svært godt, og eg synes dei traff godt. Ein god del klarte eg, ein god del var eg blank på og nokre var eg i tvil om. Akkurat slik det skal vera! Flike, erfarne og flittige quizgjengarar gav uttrykk for det same.

Døme på spørsmål var korleis vi seier God jul på spansk, namnet på fotballtrenaren som nyleg fekk sparken og vart lansert som aktuell norsk landslagstrener, kva kjend julesang som er skriven av Franz Gruber, hovudrolleinnehavar i Reisen til Julestjernen frå 1976 og kva dei to mest kjende Donald-teiknarane heiter. I tillegg var det mange andre kjekke spørsmål. Jau, eg skjønar at deltakarane hadde det kjekt!!



Quizmaster Sammy gjorde ein framifrå jobb.

Spenning var det også! Før siste runde leia firmannslaget **GØTS** samansett av karane Gaute Lund, Ørjan Bakke, Terje Bru Markhus og Sigbjørn Øye, men i siste runde vart **Quiz Kkalifa** som bestod av Karoline Nestet, Mats og Jarle Håvik og venner og familie, for sterke. Dermed gjekk dei heilt til topps og vart vinnarar av gåvekort. **GØTS** vart nr.2 og var svært fornøgd med det. Like bak kom **Tre vise menn, eit kvinnfolk og ein tilfrå Sunde** med innslag frå Husnes. Også dei var svært fornøgde med kvelden.

På billetten vart det trekt ut ein vinnar av to flasker med [den gode fruktsirupen som Roy Lervåg har vore med og utvikla, og som no er i salg på Oska](#). Heldig vinnar var Bente Solheim frå Førde.

Dei svoltne kunne kosa seg med vintersuppe med kjøt og grønsaker. Den smakte svært fortreffeleg!

Ein svært vellukka quizkveld og Roy Lervåg og quizmaster Sammy lovar at det skal verta fleire slike kveldar på nyåret. Neste quiz på Oska vert fredag 27.januar.



Lars Johan Myklebust og Yngve Myhre var heime på juleferie og utgjorde eit sterkt lag saman med Bård Opsanger frå Sunde, Bente

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.